

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 17.10.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Kristin Osland Lexow  
**SAKA GJELD:** **Oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2017-2019**

**ARKIVSAK:** 2016/2915  
**STYRESAK:** **120/16**

**STYREMØTE:** **02.11. 2016**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest oppnemner følgjande medlemmer og vara-medlemmer til det regionale brukarutvalet i Helse Vest RHF for funksjonsperioden 1. januar 2017 - 1. januar 2019:

#### Medlemmer:

- Elisabet B. Salte, FFO Rogaland/Norges Astma- og allergiforbund, Rogaland
- Kari Toftøy-Andersen, FFO Rogaland/Fibromyalgiforeningen, Rogaland
- Gunnar Ekeland, FFO Sogn og Fjordane/Diabetesforbundet
- Jostein Bildøy, FFO Sogn og Fjordane/Hørselshemmedes Landsforbund
- Linn Bæra, FFO Hordaland/Rådgivningen om spiseforstyrrelser (ROS)
- Merete Hauge, FFO Hordaland/ME-foreningen, Hordaland
- Grete Müller, SAFO Sørvest/Norsk Forbund for Utviklingshemmede Rogaland
- Henrik Aasved, Kreftforeningen/Lungekreftforeningen
- Anders Sundbotten, RIO
- Kristoffer Skjolden/Eldrerådet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune

#### Vara-medlemmer:

- Anbjørg Hellestræ, 1. vara FFO Rogaland/Mental Helse, Rogaland
- Ingunn Westvik Jolma, 2. vara FFO Rogaland/Barnekreftforeningen i Rogaland
- Lene Nilsen, 1. vara FFO Sogn og Fjordane/Cerebral-Pareseforeningen (Hord. Sogn/Fjord.)
- Mariann Kristiansen, 2. vara FFO Sogn og Fjordane/Autismeforeningen, S og Fj.
- Magnus A. Heggo, 1. vara FFO Hordaland/Foreningen for muskelsyke (Hord. Sogn/Fjord.)
- Erling Jacobsen, 2. vara FFO Hordaland/Bergen Døveforbund

- Kjell Inge Bringedal, SAFO Sørvest/Norges Handikapforbund Sørvest
  - Marianne Reve, Kreftforeningen/NORILCO
  - Rami Knudsen, Rio
  - Sven Hove, Eldrerådet i Rogaland Fylkeskommune
2. Brukarutvalet konstituerer seg sjølve på det første møtet for det nye utvalet, og det skal veljast ein leiar og ein nestleiar.

## Oppsummering

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) i Hordaland, Sogn og Fjordane, Rogaland, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO Sørvest), eldreråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland, Kreftforeningen og Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO) har sendt inn forslag til representantar til Regionalt brukarutval i Helse Vest for funksjonsperioden 2017-2019. Forslaget frå organisasjonane medfører at FFO får to medlemmer frå kvart fylke, medan SAFO, eldreråda, Kreftforeningen og RIO får ein medlem kvar i Regionalt brukarutval.

## Fakta

Regionalt brukarutval blei vedteke oppretta i styremøte 27. mai 2002, sak 51/02. Det går fram av saka at Regionalt brukarutval vert oppnemnd for to år om gongen. Regionalt brukarutval hadde sitt første konstituerande møte 27. juni 2002.

I styresak 00912 B frå styremøtet den 1. februar 2012 vedtok styret i Helse Vest reviderte kriterier for samansetting av det regionale brukarutvalet. Følgjande kriterier gjeld for samansetting av regionalt brukarutval frå og med 2012:

*Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) føreslår høvesvis 6 og 1 medlem kvar. Fylkeseldreråda føreslår 1 medlem, organisasjonane frå rusområdet føreslår 1 medlem og Kreftforeningen føreslår 1 medlem. Det skal også fremjast forslag om varamedlem. Organisasjonane skal føreslå ein breiast mogleg representasjon av medlemsmassen, slik at ulike pasientgrupper innan både somatikk, psykiatri og TSB blir representerte.*

*Følgjande kriterium skal gjelde for samansetting av det regionale brukarutvalet:*

- *Brukarrepresentantane skal sjølv ha erfaring som pasient – og/eller pårørande.*
- *Brukarrepresentantane skal ha god brukarkompetanse. Det er ein føresetnad at brukarrepresentantane har/tek på seg å vere kvalifiserte til å delta og bidra til endring*

*gjennom planmessig kompetanseutvikling og systematisering av egne og andre sine erfaringar.*

- *Alle verksemdsområda, somatikk, psykiatri og TBS, skal vere representerte i det regionale brukarutvalet. Det blir lagt særleg vekt på at pasientgruppene innan psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert rusbehandling, kreftområdet og eldre er representert.*
- *Det vil og bli lagt vekt på at mindre synlege pasientgrupper og pasientgrupper som i mindre grad er i stand til å ta vare på egne interesser er representert. Dette er til dømes etniske minoritetar og barn og unge.*
- *Medlemmane skal vere geografisk jamt fordelte i regionen, det skal vere lik fordeling mellom kvinner og menn, og det skal vere ei rimeleg alderssamansetting.*

I kapittel 3.2 i Brukarmedverknad på systemnivå i Helse Vest – retningslinjer for brukarutval står det at brukarutvalet konstituerer seg sjølve på det første møtet for det nye utvalet. Det skal veljast ein leiar og ein nestleiar.

## **Kommentarar**

### **Forslag frå organisasjonane**

Organisasjonane har føreslått følgjande personar som medlemmer og vara-medlemmer i Regionalt brukarutval for perioden 2017-2019:

#### Medlemmer:

- Elisabet B. Salte, FFO Rogaland/Norges Astma- og allergiforbund, Rogaland
- Kari Toftøy-Andersen, FFO Rogaland/Fibromyalgiforeningen, Rogaland
- Gunnar Ekeland, FFO Sogn og Fjordane /Diabetesforbundet
- Jostein Bildøy, FFO Sogn og Fjordane/Hørselshemmedes Landsforbund
- Linn Bæra, FFO Hordaland/Rådgivningen om spiseforstyrrelser (ROS)
- Merete Hauge, FFO Hordaland/ME-foreningen, Hordaland
- Grete Müller, SAFO Sørvest/Norsk Forbund for Utviklingshemmede Rogaland
- Henrik Aasved, Kreftforeningen/Lungekreftforeningen
- Anders Sundbotten, RIO
- Kristoffer Skjolden/Eldrerådet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune

#### Vara-medlemmer:

- Anbjørg Hellestræ, 1. vara FFO Rogaland/Mental Helse, Rogaland
- Ingunn Westvik Jolma, 2. vara FFO Rogaland/Barnekreftforeningen i Rogaland
- Lene Nilsen, 1. vara FFO Sogn og Fjordane/Cerebral-Pareseforeningen (Hord. Sogn/Fjord.)
- Mariann Kristiansen, 2. vara FFO Sogn og Fjordane/ Autismeforeningen, S og Fj.
- Magnus A. Heggo, 1. vara FFO Hordaland/Foreningen for muskelsyke (Hord. Sogn/Fjord.)
- Erling Jacobsen, 2. vara FFO Hordaland/Bergen Døveforbund
- Kjell Inge Bringedal, SAFO Sørvest/Norges Handikapforbund Sørvest
- Marianne Reve, Kreftforeningen/NORILCO
- Rami Knudsen, Rio

- Sven Hove, Eldrerådet i Rogaland Fylkeskommune
- Inger Sjong, Fylkeseldrerådet i Hordaland

## Konklusjon

Heile helseregionen er representert i forslaget til nytt regionalt brukarutval. FFO vil få to representantar frå kvart fylke. Det blir totalt 3 medlemmer frå Rogaland, 4 frå Hordaland og 3 frå Sogn og Fjordane. Det er 50 % kvinner og 50 % menn i utvalet. Alle verksemdsområda (somatikk, rus, psykiatri) er representerte, og det er ein jamn geografisk og kjønnsmessig fordeling. Kriteria for oppnemning er slik sett fylt opp i tilstrekkeleg grad.

I invitasjonsbrevet frå Helse Vest til pasientorganisasjonane om oppnemning av regionalt brukarutval har det både for denne og førre funksjonsperiode, vore etterlyst representasjon frå mindre synlege pasientgrupper, som til dømes etniske minoritetar og barn og unge. Når det gjeld etniske minoritetar vil Helse Vest halde fram med å utfordre pasientorganisasjonane, og då særleg FFO som representerer den største medlemsmassen, med å arbeide systematisk for å sikre brukarmedverknad også frå desse gruppene (styresak 009/12 B). Når det gjeld barn og unge så er det etablert Ungdomsråd i både Helse Stavanger og Helse Bergen, og Helse Førde og Helse Fonna er i gang med å etablere slike.

Fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har samarbeida om å føreslå ein representant for funksjonsperioden 2017-2019, men når det gjeld vara-representant har fylkeseldrerådet i både Hordaland og Rogaland føreslått kvar sin representant, og det er naturleg at Sven Hove, som er representant i sitjande brukarutval, fortsetter som vara-representant med tanke på kontinuitet.